

Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

8. september, 2017

FORVALTNINGSREVISJON – ARKIV OG OFFENTLEGHEIT

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet sak PS 82/17, dagsett 29.08.2017, starta opp ein forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit i Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med prosjektet er å vurdere om Hordaland fylkeskommunen sine rutinar for offentlegheit og innsyn er i samsvar med aktuelle føresegn i lov- og regelverk, samt å vurdere system og rutinar for arkivering og journalføring i høve gjeldande lover og regler (sjå kapittel 1 i vedlagt prosjektplan for føremål og problemstillingar, og kapittel 2 for revisjonskriterium).

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking og stikkprøvegjennomgang for å få informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid innanfor det aktuelle området (sjå kapittel 3 i vedlagt prosjektplan for nærare om metode og datakjelder).

Vi ønskjer ei kort skildring av kva som er dei viktigaste rutinane/retningslinjene for arkivering og sakshandsaming i Hordaland fylkeskommune, og vi ber om å få tilsendt følgjande informasjon:

- Fylkeskommunen sin arkivplan
- Andre overordna dokument som omhandlar arkiv, journalføring, postlistar og offentlegheit i fylkeskommunen
- Eventuelle interne føresegner, utfyllande rutinar, retningslinjer og/eller prosedyrar knytt til:
 - instruksar for arkivarbeidet
 - reglar for journalføring
 - forhold til presse og publikum
 - post- og arkivrutinar, inkludert for skjerming av informasjon
 - rutinar for innsyn
- Retningslinjer for bruk av elektronisk kommunikasjon i fylkeskommunen
- Fylkeskommunalt reglement knytt til offentlegheit og meirinnsyn
- Møtereglement for folkevalde organ
- Eventuelle politiske vedtak knytt til arkiv, innsyn, meirinnsyn og offentlegheit
- Liste med e-postadresser til alle folkevalde i fylket
- Liste med e-postadresser til alle leiarar og sakshandsamarar i fylkeskommunen som brukar arkiv-, post- og journalssystemet, samt til alle sakshandsamarar som vurderer innsynsførespurnader og førehandsklassering

Om fylkeskommunen ser at det er dokumentasjon som ikkje er etterspurd over, men som omhandlar mål, rutinar og praksis knytt til arkivering, journalføring, sakshandsaming og offentlegheit i Hordaland fylkeskommune, ber vi om at dette òg blir tilsendt revisjonen.

Om mogleg, ønskjer vi å få tilsendt etterspurd dokumentasjon i elektronisk format. Med omsyn til e-postlistene, er det eit føremonn om dei kan sendast i Excel-format.

Vi ber om at vi får tilsendt dokumentasjonen innan **måndag 18. september**. Dersom nokre av dei etterspurte dokumenta ikkje eksisterer, ber vi om at dette blir eksplisitt opplyst om i tilbakemeldinga, og at fylkeskommunen gjev ei kort skildring av praksis i staden.

Vi ber vidare om at fylkeskommunen peikar ut ein kontaktperson for forvaltningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument, samt organisering av intervju og stikkprøvegjennomgang.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Frode Løvlie på tlf. 480 97 914, eller per e-post til flovlie@deloitte.no

Med venleg helsing
Deloitte AS

A handwritten signature in blue ink that reads "Frode Løvlie". The signature is written in a cursive, flowing style.

Frode Løvlie
Prosjektleder